

**RETNINGSLINER FOR BRUK AV NÆRINGSFOND(KRAFTFOND)  
I  
ULVIK HERAD**



## **1. Avkastning**

Årleg avkastning skal nyttast slik.

- 30% av årleg avkastning, maksimum kr 600 000,- pr. år kan nyttast til tilskot
- Resten av årleg avkastning minus faste avsetningar til næringsformål vedteke i årsbudsjettet skal gå inn i fondet og nyttast i samsvar med Vedtekter for næringsfondet.

## **2. Føremål**

Tilskot frå næringsfondet skal vera med å styrkja utvikling og omstilling i etablerte næringsverksemder i heradet, og medverka til nyetableringar og nyskaping.

Næringsfondet skal først og fremst nyttast til å oppfylla mål i Strategisk nærings- og utviklingsplan.

Næringsfondet kan gje tilskot til alle typar næringsverksemder som har forretningsadresse i Ulvik.

Tilskot vert berre gjeve til arbeid med kostnadsoverslag større enn NOK 25 000,-.

## **3. Næringsfondet kan gje tilskot til:**

- **Etablerarstipend**
- **Bedriftsutvikling**  
t.d. opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar, undersøking/planlegging, lærlingar.
- **Investeringstilskot**  
t.d. investeringar i bygg, utstyr og maskiner.
- **Tiltaksarbeid**  
Det kan gjevast tilskot til kommunalt tiltaksarbeid (f.eks. regionalt samarbeid, etableraropplæring, samarbeid skule/næringsliv, stadutvikling, utgreiingar/analyser/forprosjekt, prosjekt).

## Næringsfondet kan ikkje gje tilskot til :

- Utskifting av driftsmiddel som ikkje medfører utvikling/omstilling.
- Gjeldssanering.
- Drift av verksemdar.
- Etablering v/generasjonsskifte/eigarskifte utan at denne også omfattar naudsynt investering for å kunna oppretthalda vidare drift.
- Tiltak som ikkje har bakgrunn i eit samla driftsopplegg i verksemda.
- Tiltak som alt er gjennomført.

Samarbeidstiltak/fellestiltak har høg prioritet. Samarbeidstiltak er t.d. oppgåver som gjeld fleire verksemdar og vert utført i regi av t.d. reiselivslag, destinasjonsselskap, forsøksringar, partslag, samdrift, avløyssarlag, heradet.

Formannskapet kan setja i gang prosjekt i eigen regi. Formannskapet kan gje tilskot til tiltaksgrupper/prosjekt som ikkje er nemnde spesielt, men som fell inn under fondet sitt føremål og vedtekter.

Formannskapet kan fastsetja meir detaljerte reglar for dei ulike føremål og tiltaksgrupper.

Retningslinene er eit supplement til vedtekter for næringsfondet (kraftfondet) i Ulvik. Dei byggjer på standardvedtekter for kommunale næringsfond (kraftfond) gitt i vassdragsreguleringssaker, rundskriv H-1/11 frå Kommunal- og regionaldepartement.

## 4. Vilkår for tilskot

Samla offentleg støtte til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 50% av det samla kapitalbehovet til eit prosjekt.

For prosjekt med særleg verknad for kvinner og ungdom og ved nyetableringar kan støtta aukast til 75%.

Eventuelle garantiar skal gjevast på pro-rata vilkår.

Større søknader vert i første rekkje vist til å søkja midlar frå t.d. Innovasjon Noreg.

Maksimalt offentleg tilskot til ei og same bedrift vert regulert etter EØS sine gjeldande reglar for bagatellmessig støtte (pr. d.d. er dette EUR 200 000,- innanfor ei tidsramma på 3 år, jf. KRD-Rundskriv H-1/11).

Når det vert søkt om ytterlegare offentlege midlar innanfor ein treårsperiode, pliktar verksemdene å opplyse om kva støtte ein har motteke frå næringsfondet.

Ved handsaming av søknader skal det takast omsyn til kva verksemdene kan oppnå av andre tilskotsordningar (også kommunale).

Private verksemdar/bruk må ha minimum 15% eigenkapital (medrekna eigeninnsats utan evt. tilskot.)

## 5. Krav til søknad

Søknad skal normalt fremjast før tiltaket vert sett i verk. Nyleg etablerte verksemder kan likevel søkja om støtte knytt til etableringa inntil 1 år etter oppstart.

Søknaden skal innehalda:

- Opplysningar om søkjaren
- Forretningsplan/driftsplan, med søkjaren si utgreiing om og vurdering av tiltaket. For mindre prosjekt kan det lagast ein forenkla forretnings-/driftsplan
- Fullstendig investerings- og finansieringsplan
- Teikningar og arbeidsskildringar når dette er aktuelt
- Framdriftsplan.
- Driftsbudsjett for minimum to år, for etablerte verksemder/tiltak.
- Revidert rekneskap for dei to føregåande åra (gjeld etablerte verksemder), rekneskap for ikkje-revisjonspliktige kan krevjast. Rekneskapen vert ikkje gjort offentleg.
- Vedtekter (gjeld selskap).

Komplett søknad skal sendast Ulvik herad, i god tid før tiltaket skal setjast i gang.

## 6. Søknadsfrist

Alle søknader om tilskot har søknadsfrist 1. april og skal handsamast i første formannskapsmøte etter dette.

## 7. Vilkår for utbetaling

Før innvilga lån eller tilskot kan utbetalast, må følgjande føresetnader vera oppfylte :

- Verksemda/tiltaket er etablert og evt. registrert.
- Lokale og eigedomstilhøve er ordna.
- Tiltaket må vera fullfinansiert.
- Sikkerheit kan krevjast for tilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr. Denne fell bort etter fem år.
- Rapport og godkjend rekneskap skal vera godkjent av Ulvik herad.
- Krav som vert stilt i gjeldande lover, forskrifter og standardar skal vera oppfylde, naudsynte godkjenningar må liggja føre.
- 50 % av tilsagnet kan utbetalast ved faktisk oppstart før fullstendig investering er gjort. Etablerarstipend inntil 75 % forskot.
- Delutbetaling kan skje mot dokumentasjon på gjennomføring med inntil 90 % av tilsagnsum.
- Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt 2 år (tilsagnsåret + to heile kalenderår).
- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenna 1 års utsetjing av frist for gjennomføring av tiltaket, etter søknad. Utsetjing av arbeidsfrist utover 1 år skal handsamast av formannskapet.
- Dersom det oppstår forhold som er i strid med grunnlaget føresetnadene for støtta, kan Ulvik herad avgjera at tilskot og lån skal innløysast heilt eller delvis. Den som mottek støtte pliktar å varsle heradet om endringar i føresetnader for tilskotet. Krav om

innløyising kan motreknast i andre ytingar som gjeld same verksemd/bruk/tilskotsmottakar.

- Krav om innløyising av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

## **8. Kommunale utbyggingsoppgåver (tiltaksarbeid, grunnlagsinvesteringar og kommunale fellestiltak)**

Næringsfondet kan nyttast til kommunale utbyggingsoppgåver som er viktig for næringsutvikling.

## **9. Sakshandsaming**

Administrasjonen skal etter at søknadsfristen er gått ut lage oppstilling over innkomne søknader om støtte og prioritere desse i samsvar med reglar og/eller prioriteringar i Sektorplan for arbeidsplassar og næringsutvikling. Forslag til fordeling av tilskot i næringsfondet skal grunnjevast. Forslaget skal leggjast fram for formannskap for vedtak.

## **10. Anke/klage**

### Mindretalsanke

Det er høve til mindretalsanke etter §5 i reglement for formannskapet.

### Lovlegheitsklage

Det er høve til lovlegheitsklage etter §59 i kommunelova.

### Forvaltningsklage (partsklage)

Det er høve til forvaltningsklage (partsklage) etter §28 i forvaltningslova.